



Oddbjørn Kroka (det kvite huset) og Janne Yri/Michael Røsland (tomt bak) får utvida utnyttelsesgrad. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein utnyttelsesgrad på 20 til 25 prosent har vorte vanleg i moderne byggjefelt i Kvinnherad. Forvaltningskomiteen hadde difor ingen innvendingar mot å utvida utnyttelsesgraden frå 18 til 22 prosent for den planlagte bustaden til Janne Yri og Mickael Røsland i Ospelunden.

Komiteen ga også dispensasjon frå gjeldende reguleringsplan slik at Oddbjørn Kroka i same område kan få utvida utnyttelsesgraden frå 12 til 20

Huset hans vart bygd før reguleringsplanen vart påbegynt og Kroka ynskjer å utvide bustaden med takoverbygg på altan. Naboane har ikkje innvendingar.

Kommunen ser det som ein fordel at ein gjennomfører ein mindre endring av reguleringsplanen for heile Ospelunden-feltet for å unngå fleire dispensasjonar i framtida.